

# Satsing på eldre-omsorg?



GUNNAR MORSUND

6. kandidat,  
Tverrpolitisk liste for Giske

## LESARBREV

*Referat 28.11. 2013,  
Giske formannskap:  
Forslag frå ordførar  
Knut Støbakk (KrF):  
Giske kommune gir  
hjelp til ein stor del  
av 80+, 52 % ifølgje  
Kostra-analysen. Må-  
let til Giske kommune  
må vere å kome ned på  
landssnittet på 47- 48% i  
løpet av 2015.*

I handsaminga av budsjett for Giske kommune 2015 vart dette forslaget frå Knut Støbakk vedtatt av formannskapet og følgde med til kommunestyret.

Der vart det vedtatt einstemmig. Forslaget inneber at det skal vere eit mål for kommunen å gi ytingar til ein mindre del av dei som er over 80 år. Det inneber at 15 færre no over 80 år skal motta ytingar. Er dette satsing på eldreomsorg – er det for mange som får hjelp?

Eg beklagar at eg ikkje kunne møte på kommunestyremøtet 12.12.2013. Då hadde det i alle fall vore mot ei stemme. Eg vil at dei eldre som har behov for assistanse, sjukepleie og anna frå kommunen, skal få det. Og det skal vere hjelp som er tilpassa den enkelte sin situasjon utan omsyn til kva prosentdelar som er på landsplan.